



UiT Norges arktiske universitet

Studieplan

Årstudium i historie

60 Studiepoeng. UiT Norges arktiske universitet, campus Tromsø

Studieplanen er godkjent av styret ved Institutt for arkeologi, historie, religionsvitenskap og teologi 21.11.2022.

Gjelder fra og med høst 2023.



Navn på studieprogram	Bokmål: Årsstudium i historie Nynorsk: Årsstudium i historie English: Annual study in history
Oppnådd grad	Årsstudiet er ikkje i seg sjølv eit grads- eller vitnemålsgivande studium.
Målgruppe	Målgruppe er studentar som ønskjer oversyn over norsk, samisk og internasjonal historie frå ca år 1000 og fram til i dag og som vil ha innsikt i historiefaget sine metodar og teoriar.
Opptakskrav, forkunnskapskrav, anbefalte forkunnskaper	Generell studiekompetanse eller realkompetanse. Tilrådde forkunnskapskrav for realkompetanse: norsk, engelsk, samfunnsfag og 5-årig relevant yrkeserfaring. Studiet har oppstart i haustsemesteret.
Læringsutbytte-beskrivelse	Etter bestått årsstudium skal kandidatane ha følgande læringsutbytte: Kunnskapar Kandidaten har: • kunnskap om norsk, samisk og internasjonal historie frå rundt år 1000 og fram til vår eiga tid • kunnskap om sentrale kjelde- og metodespørsmål i historiefaget • innsikt i korleis historisk kunnskap blir etablert, kva som særmerker historievitskapleg forskning og formidling og kva for rolle historievitskapen har i samfunnet Ferdigheiter Kandidaten kan: • gjere greie for historiske problemstillingar med bruk av relevante faglege omgrep og uttrykksformer • bruke og referere til kjelder og faglitteratur i samsvar med fagets tradisjonar og etablerte akademiske standardar Generell kompetanse Kandidaten: • kan gjere greie for innhaldet i faglitteratur innan historiefaget • har innsikt i metodiske og etiske problemstillingar knytt til historiefaget • kjenner til akademisk argumentasjonsteknikk og kan dokumentere skriftleg arbeid på ein vitskapleg måte
Faglig innhold og beskrivelse av studiet	Årsstudium i historie gjev kunnskap i norsk, samisk og internasjonal historie frå rundt år 1000 og fram til i dag. I tillegg gjev studiet ei innføring i historievitskapleg teori, metode, kjeldebruk og forskningstradisjon. Studiet er retta mot alle som ønskjer ei brei innføring i historiefaget. Gjennom dei obligatoriske emna får du lære om historia frå kring år 1000 og fram til i dag med vekt på norsk, samisk og internasjonal historie. I dei valfrie emna får du høve til å gå djupare inn ulike historiske tema.

	Årsstudiet i historie er eit heiltidsstudium på 60 studiepoeng fordelt på to semester. Første semester (haust) tar studentane det obligatoriske innførings- og oversynsemna <i>HIS-1201 Noreg og verda før 1750</i> (haust) og andre semester (vår) <i>HIS-1202 Noreg og verda etter 1750</i> (vår). Kvart av desse emna er på 20 studiepoeng. I tillegg tar dei kvart semester 10 studiepoeng med valemne i historie (HIS-emne på 1000-nivå). Normalt kan studentane velje mellom 2–3 valemne i historie på 1000-nivå kvart semester. Kva for valemne som blir tilbydd varierer frå år til år. Undervisninga går som hovudregel gjennom heile semesteret, det vil seie at ein får undervisning i fleire emne parallelt. Storparten av undervisninga er på campus i Tromsø, men enkelte emne er fleksibiliserte og nettbaserte.												
Tabell: oppbygging av studieprogram	<table><tr><th>Semester</th><th>10 studiepoeng</th><th>10 studiepoeng</th><th>10 studiepoeng</th></tr><tr><td>1. semester (haust)</td><td colspan="2">HIS-1201 Noreg og verda før 1750</td><td>Valemne i historie (HIS-emne på 1000-nivå)</td></tr><tr><td>2. semester (vår)</td><td colspan="2">HIS-1202 Noreg og verda etter 1750</td><td>Valemne i historie (HIS-emne på 1000-nivå)</td></tr></table>	Semester	10 studiepoeng	10 studiepoeng	10 studiepoeng	1. semester (haust)	HIS-1201 Noreg og verda før 1750		Valemne i historie (HIS-emne på 1000-nivå)	2. semester (vår)	HIS-1202 Noreg og verda etter 1750		Valemne i historie (HIS-emne på 1000-nivå)
Semester	10 studiepoeng	10 studiepoeng	10 studiepoeng										
1. semester (haust)	HIS-1201 Noreg og verda før 1750		Valemne i historie (HIS-emne på 1000-nivå)										
2. semester (vår)	HIS-1202 Noreg og verda etter 1750		Valemne i historie (HIS-emne på 1000-nivå)										
Undervisnings-, lærings- og vurderingsformer	Undervisninga er forskingsbasert og tilpassa første året på bachelor, med ein kombinasjon av tradisjonelle fysiske førelesingar, nettbasert undervisning, omvendt klasserom, seminar, ekskursjonar og individuell og kollektiv rettleiing. Undervisninga går som hovudregel gjennom heile semesteret, dvs. at ein studerer fleire emne parallelt. Storparten av undervisninga er på campus i Tromsø, men enkelte emne er fullt fleksibiliserte og nokre emne har heilt eller delvis nettbasert undervisning. I studiet blir ulike læringsformer tatt i bruk. Sjølvstudium av pensum og fagstoff utgjer ein viktig del. Likeins individuelt arbeid med oppgåver og fagstoff, men også deltaking i gruppearbeid og kollokviegrupper. Gjennom ulike studentaktive læringsformer, der lesing, skrivning og munnleg aktivitet inngår, utviklar vi den kritiske lesaren og den gode skribenten. Studentane har gjennom heile studiet ein aktiv rolle i læringsprosessen: Gjennom opplæringsdelen tileignar dei seg kunnskap om historiefaget sin teori, metode og faghistorie. Alle historieemna har obligatoriske arbeidskrav, skriftlege og/eller munnlege, desse må vere gjennomførte og godkjende før studenten kan framstille seg til eksamen. Storparten av arbeidskrava er individuelle, men det kan også vere arbeidskrav som må løysast i gruppe. Studentane får tilbakemelding på alle arbeidskrav, saman med rettleiing stimulerer det til læring og er eksamensførebuande. Eksamensformene er ulike former for skriftleg eksamen. Eksamen på historieemna er i regelen individuell og skal vere eit sjølvstendig arbeid. Eksamensforma er tilpassa innhaldet og karakteren til emna. Eksamen blir vurdert ut frå ein karakterskala med seks trinn: A–F, der A er beste karakter og F er ikkje bestått. Ved ikkje bestått på eksamen blir det som regel gjeve tilbod om kontinuasjonseksamen i påfølgande semester.												

	Alle emne har sensorrettlegg til eksamen.
Relevans	Årsstudiet er ikkje i seg sjølv eit grads- eller vitnemålsgivande studium. Årsstudium er ei kortare utdanning som kan nyttast som første år i eit lengre utdanningsløp, det kan også brukast til å komplettere tidlegare utdanning ved å spisse denne eller ved å gje større breidde. Årsstudiet er sett saman mellom anna for å gi ytterlegare undervisningskompetanse for tilsetjing i skuleverket. Årsstudium i historie kan inngå som eitt år i bachelorprogrammet i historie, det kan inngå i lektorutdanninga trinn 8–13 i språk og samfunnsfag eller som valfrie emne i andre studieprogram. Årsstudium i historie blir fagleg oppdatert gjennom dei fast tilsette sine forskings- og undervisningsnettverk, både nasjonalt og internasjonalt. Relevans for arbeidsliv blir halde ved like gjennom kontakt dei faglege tilsette har med ulike institusjonar og verksemdar der dei har arbeidskraft med historiefagleg utdanning. Årsstudium i historie gir kompetanse som er relevant for arbeid i fleire bransjar og sektorar: skole, offentlig administrasjon og forvaltning, museum og arkiv, internasjonalt arbeid, forlag/media, journalistikk, reiseliv og forskning.
Arbeidsomfang	For å nå læringsmåla er det lagt til grunn at studentane arbeider 40 timar i veka med studia gjennom studieåret, inkludert førelesingar, seminar, kollokvier, ekskursjonar, sjølvstudium av pensum og arbeid med oppgåver og arbeidskrav.
Undervisnings- og eksamensspråk	Undervisningsspråket er til vanleg norsk, men på heile eller delar av valfrie enkeltemne kan undervisningsspråket vere engelsk. Eksamensspråk er normalt norsk, men kan også vere andre skandinaviske språk. Engelsk kan etter avtale nyttast som eksamensspråk.
Internasjonalisering	Studieprogrammet er gjennom si faglege innretning sett inn i ein internasjonal kontekst. Delar av pensumlitteraturen er på engelsk. Forskingsmiljøet på historie, som studieprogrammet tilhøyrer, inngår i ulike internasjonale forskingsprosjekt/-nettverk og sikrar at dei som underviser er orienterte i internasjonal faglitteratur.
Studentutveksling	Studentar på årsstudium har ikkje høve til å ta delstudium i utlandet.
Administrativt ansvarlig og faglig ansvarlig	Studieprogrammet tilhøyrer Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning (HSL-fak). Institutt for arkeologi, historie, religionsvitskap og teologi (AHR) er administrativt ansvarleg for studieprogrammet. Det faglege ansvaret for programmet har studieprogramleiar for årsstudium i historie.
Kvalitetssikring	Alle nye emne blir evaluerte første gong dei blir gjennomførde. Alle emne blir evaluerte ein gong i løpet av programperioden. Studieprogramleiar avgjer kva slags emne som skal evaluerast av studentar og lærar. Studieprogrammet som heilskap blir evaluert kvart tredje år, første gong tre år etter at det først blei sett i verk.

